

Nr 4 - NOVEMBER 2023

ÅRGANG 46



FITJAR KYRKJEBLAD



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider i sommar
tysdag og torsdag: kl 10.00 - 14.00

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedelete:

Frå familiegudstenesta i Årskog 10. sept. og
dåpen til Brynjar Kongestøl Mork. Foto: Birgit Hobæk



Nytt råd

På søndag, 22. oktober, vart det nye soknerådet presentert og det gamle takka av. Nokon gjekk ut, nokon vart med over i det nye, og nokre nye kom til.

Olav J. Oma

Soknerådet styrer etter §12 i kyrkjeordninga for Den Norske kyrkja. Her heiter det mellom anna: «Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige livet i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig nød avhjulpet.»

Dette er på ein måte «formålsparagrafen» til soknerådet. «...alt som kan vekke og nære det kristelige livet(!)...»

Soknerådet er valt av kyrkjelyden for å leia arbeidet som skjer i kyrkja på Fitjar. Kyrkja er for alle som vil vera med. Det er stas når nye kjem inn, med nye tankar og idear. Det er også godt at nokon vert verande, og slik sikrar kontinuitet og overføring av kunnskap og erfaring frå ein periode til ein annan.

Slik er det og i dei mange utval og nemder som er ein del av soknerådet sitt arbeid. Nokon har særleg fokus på barn og unge, andre har fokus på gudstenestene, andre på diakoni og fellesskap saman med og i samarbeid med dei tilsette.

Snart skal soknerådet spørja medlemene i utvala på nytt: Vil du vera med? Så får den enkelte takka ja og takka nei til vidare arbeid. Også i utvala er det viktig både å få inn nye og å sikra kontinuitet.

Me som sit i rådet treng innspel. Har du lyst til å vera med, og er det noko du brenn for, så er det rett å snakka til oss, gi oss eit vink om dei gode tankane du har. Det er ikkje sikkert me kjem på det av oss sjølve.

Det er fint om du som ber, hugsar på oss og kyrkja vår, så skal me gjera arbeidet vårt så godt som me kan.



Redaksjonelt



Nytt sokneråd



Øvst frå venstre Anne Marie Røed, Lillianne Drønen Jæger, Svein Lunde. Nederst frå venstre Bård Inge Bø, Anne Kristin Skår, Håkon Rydland Sæbø og Kari Raunholm.

Tom Rydland, Mette Elisabeth Lambach og Olav Johannes Oma var ikkje til stades då biletet vart tatt.

Foto: Torbjørn Hovland



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. Kontonr. 3546.29.05805

Frist for innlevering til neste blad er 1. desember til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 13. desember Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til redaksjonen.

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rølsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme

Temakveld av første klasse:

Ine og Edvard Hoem i Fitjar kyrkje

Det var mange som hadde funne vegen til hausten sin første temakveld torsdag 31. august. Og det var vel like mange som gjekk smilande og oppgløde ut i seinsommarkvelden etter ein flott konsert- og litteraturkveld.

T/F: Herman I. Aadland - Torbjørn Hovland

Preludium

Sjølv hadde eg gleda av å få henta Edvard Hoem på Hugesund lufthamn før konserten. Det vart ein festleg tur heim til Fitjar. Eg skjønna fort at forfattaren var minst like opplada som bilen min. Samtalen flaut lett og frodig med djupt alvor, skjemt og gapskratt. Turen vart for meg som eit preludium til kvelden me skulle få. Under vegs fortalde Hoem blant anna om kvifor han vart salmediktar. Det starta då dei budde i Bergen. Sonen Knut gjekk på mellomtrinnet på barneskulen, og der hadde han ein lærar som lika å gje elevane utfordringar. Denne læraren var ei godt jorda kristen dame med ei praktisk, ærleg og tilforlateleg tru. Kvelsbøna hennar var lite tilgjort. Var ho trøyyt og lei, sa ho gjerne noko slikt som: «Gud, du ser at eg er trøyyt og sur. Det veit du godt. Eg treng sova. God natt!»



Det var altså ho som bad Knut spørja faren om han kunne skriva ein salme. Og det var ei utfordring som fekk fylgjer. Den sterke salmen «Den fattige Gud» vart til, og ein stolt son kunne gje denne til klassen. Så balla det på seg. Etter kvart har det vorte mange vakre og slitesterke salmar. Mange av dei er glimrande tonesette av Henning Sommerro. Og Hoem fortalde at han, radikalar, på grunn av denne lærarinna si kvardagslege tru og friske oppfordring, «salmeskreiv» seg tilbake til ei trygg gudstru. Ei tru som hadde vore der i barndom og ungdom, men som hadde vorte fjern.

Eplet og stamma

Det heiter at eplet ikkje fell langt frå stamma. Men Edvard ville verken ha æra eller skulda for Ine sitt vegval. Ho fekk pianotimar og velsigning til å velja musikklinja på vidaregåande. Alt det andre hadde ho fått til sjølv. Framleis arbeidar ho med å finna seg sjølv som kunstnar. Og tryggleiken veks. Det var blant anna eit stort og viktig steg i rett lei ho tok då ho la bort å syngja og skriva på engelsk til fordel for norsk. Det var som å komma heim.

Ei oppleving

Eg skal ikkje trøytt lesarane med å referera kvelden «beat for beat». Ine hadde med seg to glitrande musikkarar på gitar og tangentinstrument. Og maken til det samspelet dei serverte skal du leita lenge etter. Kvelden opna med den vakre salmen «No stig vår song, vår takk til Gud». Det var som ein kosmisk dimensjon, noko



utanomjordisk, over musikken som løfta orda fram til oss. Det var ein smak av æve og ein mektig Gud.

Programmet var elles nær knytt opp til Ine si plate «Alt vi har kjær». Det var då også tema for kvelden. Dei som vil, kan finna både ord og tonar til det meste av det musikalske på nettet. Det er vel verd å prøva.

Trass i problem med mobiliteten var Edvard eit fyrverkeri denne kvelden. Det mangla ingen ting. Med humor, vidd og «trøkk» i formidling og presentasjon eigde han forsamlinga. Han las eigne dikt og velvalde prosatekstar. Han skapte blant anna appetitt på og voner til boka «Husjomfru» som kjem ut no i haust. Me fekk t.d. vera med hovudpersonen, Julie, på konsert med Ole Bull. For ei fargelegging av levd liv!

Mest liv i kyrkje vart det likevel då me fekk vera med på «Komlemiddag i Kalvøysund.» Dette var ein kronikk i Dagbladet skriven i «agurktida» ein sommar medan han var kulturmedarbeidar i avisa. Det var litt av ei søge! Eg får assosiasjonar både til Hans E. Kinck og Per Sivle sine «Vossastubbar» når eg tenkjer på det.

Kvelden enda opp med ståande applaus og ekstranummer, før kunstnarane vart utstyrte med såpe frå Fitjar som takk for ein utruleg flott kveld. Eli Simonsen meinte dei burde komma reine og velluktande til kommande oppdrag. Kanskje har dei fått såpe før også? For her både gli tra og skein dei!

*Eit lite barn voks opp til mann
og sa at han var Gud.
Han levde slik som andre, han,
og såg heilt vanleg ut.
Hans rike låg langt borte frå
all sorg og vondskap i vår verd,
og enda bed han oss forstå
at det er inni oss det er.*

*Han sa: Ein fattig går forbi,
og det er meg du ser.
Men vi ser millionar, vi,
i svoltens store hær.
Og når vi veit kva vi har gjort
mot alle desse dine små,
forstår du at vi snur oss bort
ifrå den Gud vi skulle sjå.*

*Men er det sant at dei som bur
i svolten kring vår jord,
er Gud som menneske, da trur
vi òg at du er stor.
Når svoltens hær frå land til land
bryt opp og krev ei anna verd,
vil vi forstå med vår forstand
kva for ein mektig Gud du er.*

*T 1983 Edvard Hoem
M 1983 Henning Sommerro*

Kraftig inspirasjon frå Fitjar Kraftlag

I byrjinga av oktober dryste kraftlaget ut gode gåver til mykje godt frivillig arbeid i kommunen.

I kyrkjebladet nemner me at Temakveldgruppa fekk 25.000,-, Diakoninemnda 30.000,-,

Tentreff og klubben 40.000,-
Nesten hundre tusen takk!



Ny giv i gjevartenesta

Blømande gjevarteneste: For nokre år sidan hadde Fitjar kyrkjelyd ei blømande gjevarteneste. Denne var i det vesentlege knytt opp mot kyrkjelydsprestestillinga. Om lag 100 faste gjevamar gav større og mindre summar kvar månad, slik at godt og vel ei halv prestestilling kunne lønast. Resten vart dekkja av det som tidlegare hadde vore løyvd til å løna kateket i halv stilling. Andre kyrkjelydar kontakta oss og lurte på korleis i verda me fekk det til?!

T: Herman I. Aadland

Då Fitjar kyrkjelyd gjekk over frå å satsa på kyrkjelydsprest til å prioritera kyrkjelydspedagog, fall mange av dei faste gjevamarane frå. Det var på ein måte høgst forståeleg, men det var likevel eit minus for kyrkjelyden. For ei solid og sterk gjevarteneste gjev engasjement, interesse og omsorg for livet i kyrkjelyden på ein spesiell måte. Eigarglede og ansvarskjensle er viktig.

Tenk stort!

Det skjer mykje godt i Fitjar kyrkjelyd på mange felt. Men me kan ikkje lena oss tilbake og kvila på laurbæra. Kyrkjelyden ynskjer å vera midt i det pulserande livet i bygda og heile tida by fram det beste folket kan få: Tru, tryggleik, livsrom, omsorg og fellesskap.

Fitjar sokneråd og staben

tenkje både positivt og offensivt. Me vil noko og meiner noko med engasjementet vårt. Eit nytt råd skal snart ta over. Men det gledelege er at det nye rådet har med mange gode krefter frå det gamle rådet, supplert med nye, gode og kreative krefter. Dette teiknar godt! I tillegg er Fitjar kyrkjelyd velsigna med ein sverm av frivillige medarbeidarar! Og endå har me plass til fleire.

Auka stilling for kyrkjelydspedagogen

Det sitjande soknerådet har nyleg vedteke å auka kyrkjelydspedagogen si stilling frå 80 til 90 %. Det er eit trusprosjekt, men me trur absolutt det skal lukkast. Førrebels har me restane av eit fond til dekking. Men me treng snart å tilføra frisk kapital med tanke på framtida.

Kyrkjelyden er oppteken av å styrkja barne- og ungdomsarbeidet. Det er også ynske og von om å utvikla og utvikla det diakonale arbeidet og engasjementet vidare. Me vert stadig fleire eldre i bygda. Men også andre treng å verta sett og verdsett.



Foto: freepik.com

Svir lite for dei fleste

Nokon av oss har halde fram med gjevartenesta som før. Og det svir ikkje det minste. Banken ordnar opp. Det går heilt saumlaust. Me har både til mat og drikke, klede, underhaldning, julegåver, ein tur i ny og ne, ny bil av og til og «you name it». No er det ikkje alle som har det slik. Det må respekterast. Ingen skal lirkast, lokkast eller pressast til å vera med. Men for oss som har høve, er det berre ei velsigning å dela og å få vera med. Pengane arbeidar jo best når dei er i omløp. Og «aksjar» i ein levande kyrkjelyd kan gje strålende utbytte. Det er det me ynskjer og ber om.

Det vil komma meir om denne saka etter kvart. Til dømes orientering om skattefråtrekksreglar, konto, tilbagemeldingar m.m. Men om nokon alt no tenner på dette, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. Du vert godt motteken!

Noko av det siste biskop Halvor Nordhaug la inn over oss under visitasen var nettopp velsigninga og verdien av ei god og engasjert gjevarteneste. Det skaper liv og vekst. No har me sjansen!



Familiegudsteneste i Årskog (10.09.)

Foto: Torbjørn Hovland



Olav J. Oma

På gudstenesta i Årskog var me samla 131 menneske. Det var 96 stolar, men folk fann plass langs veggene og på nokre pallar bak i lokalet.

Her fekk me vera med på dåpen til Brynjar Kongestøl Mork, og ta imot han saman.

Me fekk høyra om Marta og Maria, og vera med inn på kjøkenet etter at Jesus var gått...

Me fekk be, syngja, vera saman.

Etterpå stelte bygdekvinnelaget til kafé same staden. Kaker, kaffi, nystekte sveler.

Det vart ein fin dag i regnet.

Presentasjon av konfirmantane (24.09.) Utdeling av 4-årsbok (01.10.)

Foto: Torbjørn Hovland



KONFIRMAN* 2024

Olav J. Oma

I haust blei 28 konfirmantar presenterte, og me gler oss til eit spennande år saman med dei nye konfirmantane.

Helga etter var det 4 åringane som prega gudstenesta og samværet i kyrkja. Veldig kjekt.



Foto: Tor Martin Søndena

Haustattakkefest (22.10)

Foto: Torbjørn Hovland



Olav J. Oma

Tre veker seinare var det hausttakkefest i kyrkja. Bygdekvinnelaget pynta så fint som berre dei kan. Born frå Bakken barnehage song slik som berre dei kan. Det var fint å høyra dei, og å sjå dei.

Seinare i gudsteneste vart alle soknerådsrepresentantane i kyrkja drege fram. Me presenterte dei alle, nye og gamle. Alle fekk blomar, og dei vart nemnde i bøna.

Me ynskjer Guds signing over dagar som kjem.



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernenesbaat.no



FOTTERAPEUT
med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907
Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Fitjar
FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



Aarskog
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døyppte:

11.06.

Eli Røysland Fitjar
(Bjerkreim kyrkje)

03.09.

Henrik Meidell Iversen
Malvin Jørs Torvund

10.09.

Ulrik Johan Tranøy Markussen
(Vågan kirke/Lofotkatedralen)
Brynjar Kongestøl Mork

17.09.

Elena Nesbø Nilsen

24.09.

Theo Voll Waage

01.10.

Sofia Vestbøstad
Brage Nordeide Stokken

08.10.

Isak Lorentz Waage

Vigde:

02.09.

Marthe Volden Nordfonn og
Daniel Aasheim Soltvedt

Jordfeste:

Judith Selma Tislevoll

f. 22.03.1939 – d. 05.09.2023

Reinhard Helland

f. 21.10.1941 – d. 12.09.2023



Foto: freepik.com

Temakveldar hausten 2023



30.november
Brageprisinnar
Trygve Riiser Gundersen
«Haugianarane»



Gudstenester

<u>Dato</u>	<u>Kl.slett</u>	<u>Kyrkjeår/merknad</u>	<u>Prest</u>	<u>Takkoffer formål</u>
05.11.	11:00	Helgemesse-sundag	Olav J. Oma	Osternes mannskor, Diakoniarbeidet
12.11.	11:00	24. s i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Stefanusalliansen
19.11.	11:00	25. s i treeiningstida/Fam.gudst.	Olav J. Oma	Klubben
26.11.	11:00	Siste søndag i kyrkjeåret	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
03.12.	18:00	1. adventstida/Lysmesse	Olav J. Oma	Vidare
10.12.	11:00	2. adventstida	Sven Harald Nilsen	Kirkens SOS
17.12.	11:00	3. adventstida	Olav J. Oma	Frelsesarmeen Stord
24.12.	14:30	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
	16:00	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
25.12.	12:00	Juledag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet NMS
26.12.	19:00	Ungdomsgudsteneste	Olav J. Oma	Ungdomsarbeidet
31.12.	23:00	Nyårsaftan	Olav J. Oma	